

# DET INTERKOMMUNALE HJORTEVILTUTVALET

Kontaktperson: Dagfinn Torstveit  
Tlf. 92265604

## Møtereferat styremøte 09.02.2017.

---

Møtet vart halde i møtelokalet til Tveit Regnskap på Liaheia og tok til kl. 14.00.

Forfall frå: Ottar Borgenvig og Eskil Nerheim.

Desse møtte: Dagfinn Torstveit, Aasmund Austerheim, Ivar Tangerås, Erling Lien, John Kåre Opheim og Kjell Netland.

Annbjørg Bue, Bernt O. Schibevaag, Turi Ottersland Tjøsheim og Jan Erik Larsen deltok og på møtet.

### Saker:

- 1/ 2017. Fellingresultat 2016
- 2/2017. Framlegg til budsjett 2017.
- 3/2017. Årsmøte og tid for dette.
- 4/2017. Vår teljing av hjort på innmark

### Referat saker.

Plan for varsling og sikring for arbeid langs veg.

Møte med kommunane.

Brev ut til kommunane.

Møtet tok til kl. 14.00 med at Dagfinn Torstveit ønsket velkommen .

Ingen merknad til innkalling og sakliste.

## **01/ 2017. Fellingsresultat 2016.**

Dagfinn Torstveit gikk gjennom dei innkomne resultatene frå 2016.

Resultatene frå vår teljinga i 2016 syner stabile tal i dei indre kommunane.

Ytre delen av Haugalandet har noko nedgang i dyretallet.

Fellingsresultatene syner betre uttak i dei indre kommunane, og omtrent uendra i ytre strok.

Totalt er det felt 1907 dyr i 2016 mot 1800 i 2015.

Når det gjeld fellingsresultatene ligg desse ved for alle kommunane.

Representanten frå kvar kommune kom med kommentar til resultatet.

**Vindafjord Kommune.** Felt 619 dyr. Liten auke frå 2015. Arealkrav er 600 da pr. dyr.

Erling Lien sin kommentar, er at Vindafjord har godt fellingsresultat med god fordeling og er der dei ynskjer å være.

**Tysvær Kommune.** Felt 294 dyr. Om lag som i 2015. Arealkrav 800 da. Pr. dyr.

Aasmund Austerheim sin kommentar. Bra med dyr i Nedstrand elles reduksjon dei siste åra.

Mindre beitepress på innmarka. Tysvær har auka areal krav og har innført freding i 14 dagar i starten av oktober.

**Sauda Kommune.** Felt 57 dyr. Som tidlegare. Arealkrav er 750 da. Pr. dyr.

Her er felt forholdsvis mykje bukk.

**Suldal kommune.** Felt 398 dyr. Noko betre uttak enn i 2015. Arealkrav frå 500 – 1500 da pr. dyr.

Turi Ottersland Tjøstheim sin kommentar. Bra uttak i 2016. Større dyre tetthet i enkelte områder.

**Bokn Kommune.** Felt 13 dyr. Nedgang frå 2015. Arealkrav er 1000 da pr. dyr.

Her er stor dyre tetthet enkelte plasser, men mindre vandring av hjort enn tidlegare.

**Karmøy Kommune.** Felt 26 dyr. Litt nedgang. Arealkrav er 1500 da pr. dyr.

Kjell Netland sin merknad. Stor anleggs aktivitet i områda som truleg gjev mindre trekk av dyr «innante». Føler Karmøy er i balanse når det gjeld dyretal og felling.

Haugesund Kommune. Felt 11 dyr. (91,7%)

**Sveio Kommune.** Felt 129 dyr som er om lag som tidlegare år. Arealkrav er 750 da. Pr. dyr.

**Etne Kommune.** Felt 361 dyr. Noko auke sidan 2015. Arealkrav er 500 da pr. dyr.

John Kåre Opheim sin kommentar. Bra fellingsresultat i år. Mulig nedgang i vektene frå 2015, då var dei svært bra.

Etne er den kommune i utvalet som er flinkast til å bruke «Sett dyr skjema». Opheim meine verdien av dette skjemaet / rapporten var noko overvurdert i enkelte miljø.

Tabellane under syner uttak i tida: 2012 - 2016.

Resultata er oppdatert frå Hjorteviltregisteret i dag 09.02.2017.

## Fellingsresultat Vindafjord Kommune.

| <b>År</b>           | <b>2012</b> | <b>2013</b> | <b>2014</b> | <b>2015</b> | <b>2016</b> |
|---------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Tildelt totalt      | 1006        | 1005        | 966         | 910         | 877         |
| Felt hannkalv       | 97          | 88          | 74          | 75          | 77          |
| Felt hunnkalv       | 80          | 72          | 72          | 57          | 72          |
| Felt hanndyr 1 ½ år | 170         | 154         | 159         | 147         | 156         |
| Felt hunndyr 1 ½ år | 134         | 124         | 107         | 113         | 104         |
| Felt hanndyr eldre  | 136         | 120         | 108         | 101         | 93          |
| Felt hunndyr eldre  | 141         | 154         | 132         | 97          | 114         |
| Felt totalt         | 758         | 712         | 652         | 590         | 616         |
| Fellingsprosent     | 75,3        | 70,8        | 67,5        | 64,8        | 70,2        |

## Fellingsresultat Tysvær Kommune.

| <b>År</b>           | <b>2012</b> | <b>2013</b> | <b>2014</b> | <b>2015</b> | <b>2016</b> |
|---------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Tildelt totalt      | 517         | 516         | 510         | 464         | 453         |
| Felt hannkalv       | 39          | 45          | 46          | 41          | 47          |
| Felt hunnkalv       | 36          | 32          | 36          | 28          | 24          |
| Felt hanndyr 1 ½ år | 76          | 53          | 70          | 88          | 81          |
| Felt hunddyr 1 ½ år | 58          | 65          | 55          | 40          | 50          |
| Felt hanndyr eldre  | 55          | 61          | 49          | 57          | 49          |
| Felt hunddyr eldre  | 74          | 61          | 59          | 48          | 43          |
| Felt totalt         | 338         | 317         | 315         | 302         | 294         |
| Fellingsprosent     | 65,4        | 61,4        | 61,8        | 65,1        | 64,9        |

## Fellingsresultat Sauda Kommune

| <b>År</b>           | <b>2012</b> | <b>2013</b> | <b>2014</b> | <b>2015</b> | <b>2016</b> |
|---------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Tildelt totalt      | 148         | 145         | 145         | 145         | 141         |
| Felt hannkalv       | 9           | 7           | 12          | 6           | 7           |
| Felt hunnkalv       | 9           | 7           | 7           | 11          | 8           |
| Felt hanndyr 1 ½ år | 7           | 14          | 13          | 11          | 13          |
| Felt hunddyr 1 ½ år | 5           | 6           | 1           | 5           | 9           |
| Felt hanndyr eldre  | 15          | 14          | 13          | 16          | 13          |
| Felt hunddyr eldre  | 9           | 6           | 10          | 8           | 7           |
| Felt totalt         | 54          | 54          | 56          | 57          | 57          |
| Fellingsprosent     | 36,5        | 37,2        | 38,6        | 39,3        | 40,4        |

## Fellingsresultat Suldal kommune.

| <b>År</b>           | <b>2012</b> | <b>2013</b> | <b>2014</b> | <b>2015</b> | <b>2016</b> |
|---------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Tildelt totalt      | 718         | 796         | 753         | 629         | 639         |
| Felt hannkalv       | 74          | 76          | 80          | 62          | 64          |
| Felt hunnkalv       | 66          | 69          | 67          | 50          | 58          |
| Felt hanndyr 1 ½ år | 66          | 76          | 80          | 76          | 79          |
| Felt hunddyr 1 ½ år | 63          | 55          | 59          | 41          | 42          |
| Felt hanndyr eldre  | 78          | 84          | 75          | 64          | 67          |
| Felt hunddyr eldre  | 93          | 99          | 71          | 64          | 88          |
| Felt totalt         | 440         | 459         | 432         | 357         | 398         |
| Fellingsprosent     | 61,3        | 57,7        | 57,4        | 56,8        | 62,3        |

## Fellingsresultat Bokn Kommune.

| <b>År</b>           | <b>2012</b> | <b>2013</b> | <b>2014</b> | <b>2015</b> | <b>2016</b> |
|---------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Tildelt totalt      | 33          | 33          | 33          | 26          | 19          |
| Felt hannkalv       | 2           | 4           | 3           | 3           | 2           |
| Felt hunnkalv       | 2           | 2           | 2           | 0           | 2           |
| Felt hanndyr 1 ½ år | 4           | 2           | 1           | 1           | 2           |
| Felt hunddyr 1 ½ år | 3           | 3           | 3           | 2           | 4           |
| Felt hanndyr eldre  | 4           | 4           | 3           | 6           | 2           |
| Felt hunddyr eldre  | 6           | 5           | 4           | 6           | 1           |
| Felt totalt         | 21          | 20          | 16          | 18          | 13          |
| Fellingsprosent     | 63,6        | 60,6        | 48,5        | 69,2        | 68,4        |

## Fellingsresultat Karmøy Kommune.

| <b>År</b>           | <b>2012</b> | <b>2013</b> | <b>2014</b> | <b>2015</b> | <b>2016</b> |
|---------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Tildelt totalt      | 34          | 34          | 39          | 39          | 34          |
| Felt hannkalv       | 3           | 6           | 4           | 2           | 6           |
| Felt hunnkalv       | 3           | 2           | 4           | 3           | 3           |
| Felt hanndyr 1 ½ år | 0           | 4           | 2           | 3           | 3           |
| Felt hunddyr 1 ½ år | 0           | 2           | 4           | 5           | 2           |
| Felt hanndyr eldre  | 11          | 9           | 11          | 9           | 6           |
| Felt hunddyr eldre  | 11          | 8           | 7           | 7           | 6           |
| Felt totalt         | 28          | 31          | 32          | 29          | 26          |
| Fellingsprosent     | 82,4        | 91,2        | 82,1        | 74,4        | 76,5        |

## Fellingsresultat Haugesund Kommune.

| <b>År</b>           | <b>2012</b> | <b>2013</b> | <b>2014</b> | <b>2015</b> | <b>2016</b> |
|---------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Tildelt totalt      | 12          | 12          | 12          | 12          | 12          |
| Felt hannkalv       | 1           | 1           | 0           | 0           | 0           |
| Felt hunnkalv       | 0           | 0           | 1           | 0           | 2           |
| Felt hanndyr 1 ½ år | 2           | 2           | 5           | 2           | 5           |
| Felt hunddyr 1 ½ år | 2           | 2           | 0           | 0           | 0           |
| Felt hanndyr eldre  | 4           | 3           | 4           | 5           | 3           |
| Felt hunddyr eldre  | 1           | 1           | 1           | 1           | 1           |
| Felt totalt         | 10          | 9           | 11          | 8           | 11          |
| Fellingsprosent     | 83,3        | 75,0        | 91,7        | 66,7        | 91,7        |

## Fellingsresultat Sveio Kommune.

| År                  | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---------------------|------|------|------|------|------|
| Tildelt totalt      | 236  | 216  | 213  | 197  | 204  |
| Felt hannkalv       | 18   | 17   | 14   | 19   | 19   |
| Felt hunnkalv       | 17   | 12   | 12   | 14   | 11   |
| Felt hanndyr 1 ½ år | 34   | 33   | 42   | 32   | 35   |
| Felt hunddyr 1 ½ år | 27   | 32   | 21   | 15   | 20   |
| Felt hanndyr eldre  | 27   | 21   | 21   | 26   | 21   |
| Felt hunddyr eldre  | 17   | 19   | 17   | 17   | 23   |
| Felt totalt         | 140  | 134  | 127  | 123  | 129  |
| Fellingsprosent     | 59,3 | 62,0 | 59,6 | 62,4 | 63,2 |

## Fellingsresultat Etne Kommune.

| År                  | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---------------------|------|------|------|------|------|
| Tildelt totalt      | 578  | 541  | 451  | 500  | 479  |
| Felt hannkalv       | 66   | 53   | 58   | 50   | 54   |
| Felt hunnkalv       | 60   | 63   | 42   | 36   | 60   |
| Felt hanndyr 1 ½ år | 76   | 75   | 63   | 59   | 54   |
| Felt hunddyr 1 ½ år | 42   | 46   | 33   | 30   | 36   |
| Felt hanndyr eldre  | 82   | 73   | 50   | 55   | 72   |
| Felt hunddyr eldre  | 109  | 78   | 76   | 86   | 85   |
| Felt totalt         | 435  | 388  | 322  | 316  | 361  |
| Fellingsprosent     | 75,3 | 71,7 | 71,4 | 63,2 | 75,4 |

2/2017. **Framlegg til budsjett 2017.**

**Budsjett for 2017 :**

|  | <b>Regnskap<br/>2015</b> |                | <b>Budsjett<br/>2017</b> |                   |
|--|--------------------------|----------------|--------------------------|-------------------|
| 3620 Abonnement ettersøkshund              |                          | 179 496        |                          | 160 000           |
| 3710 Midlar til førebyggjande arbeid.      |                          | 19 630         |                          | 20 000            |
| 3711 Ref.kommunar fallvilt                 |                          | 88 623         |                          | 90 000            |
| 3750 Medlemskontingent kommunar            |                          | 159 095        |                          | 153 765           |
| 3900 Renteinntekter/øresavrunding          |                          | 8 019          |                          | 3 500             |
| 3930 Disp.tidlegare års overskot/underskot |                          | 18 148         |                          |                   |
| 3990 Rekneskapsmessig underskot (årets)    |                          | 25 508         |                          |                   |
| <b>SUM INNTEKTER</b>                       | <b>kr</b>                | <b>498 519</b> | <b>kr</b>                | <b>427 265</b>    |
| 3080 Godtgjersle arbeidsutval              |                          | 36 280         |                          |                   |
| 3081 Løn jaktoppsyn                        |                          | 18 836         |                          |                   |
| 3082 Løn søkemannskap                      |                          | 39 625         |                          | 40 000            |
| 3083 Løn administrasjon                    |                          | 25 536         |                          | 25 000            |
| 3085 Løn fallvilt                          |                          | 68 891         |                          | 60 000            |
| 3099 Arbeids givar avgift                  |                          | 20 052         |                          | 17 625            |
| 3100 Kontorutgifter                        |                          | 21 014         |                          | 20 000            |
| 3115 Møtekostnader                         |                          | 25 713         |                          | 20 000            |
| 3116 Godtgjersle bruk av hund              |                          | 50 100         |                          | 50 000            |
| 3117 Sporhund fallvilt                     |                          | 11 655         |                          | 10 000            |
| 3120 Andre utgifter                        |                          | 398            |                          | -                 |
| 3121 Andre utgifter sporhund               |                          | 7 110          |                          | 5 000             |
| 3122 Eigenforsikring sporhundsent. Utstyr  |                          |                |                          | 6 200             |
| 3123 Andre utgifter fallvilt               |                          |                |                          | -                 |
| 3130 Telefonutgifter                       |                          | 13 650         |                          | 11 000            |
| 3140 Annonser                              |                          | 1 913          |                          | 2 000             |
| 3150 Kursutgifter                          |                          | 15 956         |                          | 70 000            |
| 3160 Skyss- og kostgodtgj. folkevalde      |                          | 3 748          |                          | 5 000             |
| 3161 Skyss- og kostgodtgj. jaktoppsyn      |                          | 13 871         |                          | -                 |
| 3162 Skyss- og kostgodtgj. søkemannskap    |                          | 16 791         |                          | 15 000            |
| 3163 Skyss-kost fallvilt                   |                          | 10 514         |                          | 9 370             |
| 3164 Andre reiseutgifter                   |                          | 518            |                          |                   |
| 3195 Gebyrer                               |                          |                |                          | 500               |
| 3240 Admin/tiltak                          |                          |                |                          |                   |
| 3241 Admin/tiltak Tveit Regnskap AS        |                          | 78 200         |                          | 135 000           |
| 3530 Dekning underskot                     |                          | 18 148         |                          |                   |
| 3540 Avsetning disp.fond/eigenkap.         |                          |                |                          | -                 |
| <b>SUM UTGIFTER</b>                        | <b>kr</b>                | <b>498 519</b> | <b>kr</b>                | <b>501 695</b>    |
| <b>Årsresultat</b>                         | <b>kr</b>                |                | <b>kr</b>                | <b>-74 430,00</b> |

Konto 3530 Dekning av underskot. Her vert nok eit stort underskot i 2016.



Dette skuldast adm. Utgifter til Vestskog SA for 2015. Her vart rekninga levert eit stykke ut i 2016 og må difor belastast rekneskapen for dette året.

Kommetarar til budsjettframlegget gjekk på utgifter til sporhund sentralen, midlar til kurs, kontingent til kommunane.

Kontingenten vert årleg teke av kommunane sine viltfond. Eigenkapitalen til Hjorteviltutvalet er god så det er ingen dramatik i eit år eller to med underskot.

Kursutgifter tidleg i ein valperiode såg ein og som vel brukte midlar for å høye kompetansen i utvalet.

Når det gjeld utgifter til sporhundsentralen vil utvalet påpeike at det er viktig å bruke hundar i nærområde for søk dersom desse er tilgjengelege.

Dette vart sekretær pålagt å ta på møtet i sporhundsentralen.

**3/2017.      Årsmøte og tid for dette.**  
**Tid for årsmøte vart fastsett til 05. april kl. 12.00.**

**4/2017.      Vårteljing av hjort på innmark.**

Teljeresultata dei siste åra syner nedgang i hjortestamma i alle kommunane.

Regionen har gjennomført årleg teljing sidan 1999. Hovudformålet med teljinga er å skaffe grunneigarane og kommunane eit betre beslutnings grunnlag i den praktiske forvaltninga av hjorten. Teljinga vert synkronisert for heile regionen, og føregår på 6 faste datoar og klokkeslett i tidsrommet mars til mai. Nær 100 personar deltek i teljearbeidet. Det vert utarbeida eigne standardrapportar for teljerutene, kommunane og for regionen. Desse vert sendt kommunane for vidaresending til viltlag og teljeruter i eigen kommune. Den kanskje mest nyttige funksjonen til vår teljinga er å fange opp endringar i strukturen i hjortebestanden. Vår teljinga vert lagt inn som eit av måleparameterane for kontroll av utviklingstrekk i hjortebestanden.

Teljinga føregår på 6 faste datoar og klokkeslett innan dei 9 medlemskommunane i Hjorteviltutvalet. Teljinga vil kunne gi oss auka informasjon og kunnskap om utviklinga i hjortebestanden. Teljeresultata/ -skjemane vert handsama felles av Hjorteviltutvalet, og resultat fordelt på teljerute, kommune og for regionen under eit. Rapport vert sendt attende til kommune for vidare informasjon til viltlag og teljeruter.

Kostnadane vert dekke av den enkelte kommune sitt viltfond. Her er litt ulik praksis rundt i kommunane, men det mest vanlege er at teljemannskapet får utbetalt km godtgjering etter dagens satsar og tillegg for eventuell passasjer. Dei aller fleste kommunane kjøper og inn lykter til teljemannskapet.

Etter kvart ser det utfor det er vanskeleg å rekruttere teljemannskap. Dei ulike kommunane har løyst dette på ulike måtar.

Eit lita godtgjering til teljemannskap som for eksempel tilskot til storvalda som utfører teljinga.

Andre stader brukar ein Naturvern foreiningar som får «gulerøtter» i form av jaktkort til fyrstegongs jegerar etc.

Midlar til dette kan ei ta av viltfonda.

Aasmund Austerheim etterlyste og tilbakemeldingar til teljemannskap i form av statestikk på dei siste åra, og på utviklinga av Hjortebestanden.

( Kan opplyse at på møte i sporhundsentralen 09.02.2017 vart det opplyst at resultatata vert levert inn til kommunana som vidaresender dette til Dag Arne Matre som igjen administrer resultatata, redigerer og sender resultatata tilbake til kommunane.)

**Vedtak:** Hjorteviltutvalet for Haugalandet vil også i 2017 føreslå at det vert gjennomført hjorte teljing på innmark. Teljinga vert gjennomført etter same mal som tidlegare og teljedatoane vert: 16 mars, 23 mars, 06. april, 20. april, 04. mai og torsdag 11 mai. Opstart kl. 23.00.

Referat saker.

### **Plan for varsling og sikring for arbeid langs veg.**

Arbeidsvarslingsplan for 2017 er godkjent av Statens Vegvesen.

Planen utsendt til kommunane.

Jostein Svendsbø gjorde kort greie for saksgangen i dette.

Ein del kommentar og merknader, men planene er godkjent og kan nyttast av alle kommunane.

### **Møte med kommunane.**

Kjell Netland saman med Dagfinn Torstveit har hatt møte med formannskapet i Karmøy kommune.

Torstveit held eit kort føredrag med tema «Hjorten som resurs».

Dagfinn Torstveit skal og halde same føredraget for kommunestyret i Haugesund i mars.

Torstveit oppfordra alle til å gjere det same i sine kommunar. Bruken av Power P. framsyninga er fri og dette kan være med å skape forståing for arbeidet Hjorteviltutvalet gjer.

Samtidig set ein fokus på hjorten som resurs.

Torstveit hjelper gjerne til dersom dette er ynskeleg.

Erling Lien opplyste at dette var allereie gjort i Vindafjord Kommune.

**Brev ut til kommunane.**

Dagfinn Torstveit ynskte å sende ut brev til kommunane med oppfordring om å endra tildelingsmønster ved tildeling av hjorteløyve.

Tanken bak dette er å prøve å ta ut mindre hanndyr.

For å få ei berekraftig hjortestamme syner nyare forskning at med 50 % hanndyr i flokkane aukar størrelsen på dyra, og ein får ei meir stasjonær stamme.

*Reduser tildelinga av spissbukk med 50 % i eit eller fleire år vil gje resultat.*

Saman med oppfordringa skal og leggjast ved fellings resultata for kommunane på Haugalandet.

Dette skape ein del diskusjon. Aasmund Austerheim meinte dette var feil, ein må heller auke minstearealet og ta endringane i samband med ny forvaltningsplan.

Opheim meine dei var på rett veg. Deira vald hadde i fleire år påbod mot å skyte hjort med meir enn 6 taggar.

Dyra i dag er meir stadbunde enn tidlegare og ein har meir oversikt over dyra.

Torstveit bad om avstemming i saka. Vedteke mot 1 stemme.

Torstveit vil sende ut brevet til viltforvaltninga i kommunane frå Hjorteviltutvalet som eit radgjevande årgan.

Møtet slutt kl. 15.50.

Jostein Svendsbø  
sekretær